


MELAND KOMMUNE

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID - DETALJREGULERING

Med heimel i §§ 12-8 og 12-14 i plan- og bygningslova blir det med dette varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for utviding av Meland gravplass. Forslagstiller er Meland kommune, med Asplan Viak AS som utførande plankonsulent.



Figur 1 Oversiktskart som viser lokalisering av planområdet

Bakgrunn og føremål med planarbeidet:


Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for vidare utviding av gravplassen ved Meland kyrkje. Ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune vart det sett av eit areal for utviding av gravplassen nord for kyrkja. Gjennom ein innleiande mogelegheitsstudie har ulike lokaliseringar av den framtidige gravplassen blitt nærare vurdert. Moglegheitsstudien er lagt ut på nettsidene til Meland kommune og Asplan Viak (sjå linkar nedst i brevet), og vi viser til denne for nærare informasjon om dei ulike alternativa som er vurdert.

Moglegheitsstudien konkluderte med at utviding bør skje i området som alt er regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan, og at det må leggest til rette for ny veg og parkeringsplass opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge.

Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

Forslag til planavgrensing:

Forslag til planavgrensing viser eit planareal på ca. 94,7 daa. Ettersom utforming og omfang først blir avklart i samband med reguleringsplanarbeidet, er det viktig at det vert teke med nok areal ved varsling av planoppstart. Foreslått planareal kan bli justert ved innsending av planforslag.




Figur 2 Kart som viser plangrense ved oppstart av planarbeidet

Plangrensa følgjer avgrensing for gjeldande reguleringsplan i aust. Areal avsett til landbruksformål innafor gnr.17, bnr. 3 vil i hovudsak bli vidareført til landbruksformål. Vidare går plangrensa langs areal regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan (sjå utsnitt av gjeldande reguleringsplan under) i sør/sørvest og fram til vestre del av gamle kyrkjegard ved FV 244, Melandsvegen.


I nord er det teke med areal for å leggja om Bjørnestadvegen nord for kyrkjegarden slik intensjonen er i gjeldande reguleringsplan. For å sikre areal til midlertidig anleggsområde ved etablering av ny veg, er plangrensa trekt langs eksisterande bekken i dalbotnen. Areal som ikkje vert regulert til veg vil bli regulert til landbruksformål. Det medfører at framtidig grav- og urnelund vist i gjeldande kommuneplan blir oppheva.

Noverande planstatus:

I gjeldande reguleringsplan er planområdet i all hovudsak sett av til gravlund (raud farge), jordbruk/skogbruk (lys grøn farge), park (skarp grøn farge) og vegføremål, jamfør figur 3 under.



Figur 3 Kartutsnitt som viser gjeldande reguleringsplan. Forslag til plangrense er vist med svart strek.



Figur 4 Kartutsnitt som viser kommuneplanen sin arealdel. Forslag til plangrense er vist med svart strek.

I Meland kommune sin arealdel til kommuneplanen 2015 - 2026 er den del av planområdet som ikkje inngår i gjeldande reguleringsplan avsett til framtidig grav- og urnelund og LNF-område. Langs bekken i nord er det avsett omsynssone bevaring naturmiljø.

Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiingar.

Informasjon om vidare planprosess:

Dette brevet vert sendt til alle aktuelle grunneigarar, naboar og offentlege høyringsinstansar slik at dei som ønskjer det kan koma med innspel til planarbeidet. Merknader til planarbeidet i form av synspunkt, opplysningar om eigedomar, ulike rettsforhold og tekniske anlegg, eller forslag som kan ha innverknad på planarbeidet bør kome fram så tidleg som mogleg.

Planarbeidet er også varsla på Meland kommune sine nettsider:

<http://meland.kommune.no/kunngjeringar> og Asplan Viak AS sine nettsider:

<https://www.asplanviak.no/kunngjoringer>.

Når det er utarbeidd eit konkret planforslag, vil dette bli sendt inn til kommunen som gjer vedtak om å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn og høyring. Då vil aktuelle partar bli varsla direkte, og det er mogleg å kome med merknader til det konkrete planforslaget innan 6 veker.

Etter at høyringsfristen er gått ut vil forslagsstillar ved plankonsulenten summere, samanfatte og kommentere innkomne merknader. Justering av planen blir vurdert, og eventuelt revidert planforslag blir så sendt til endeleg handsaming i kommunen. Etter at planforslaget har blitt vedtatt i kommunestyret vil planvedtaket bli kunngjort i avisa. Partar og grunneigarar vil få informasjon om vedtaket i eige brev. Brevet vil og informere om muligheit for klage m.m.

Frist til å kome med merknader og innspel til oppstart av planarbeidet:

Frist for å kome med merknader til oppstart av planarbeidet er sett til **25. april 2018**.

Merknader skal sendast til:

Asplan Viak AS
v/Kjersti Møllerup Subba
Postboks 2304 Solheimsviken
5824 Bergen

Eller på e-post: Kunngjoring_bergen@asplanviak.no

Eventuelle spørsmål kan rettast til Asplan Viak AS v/Kjersti Møllerup Subba på tlf. 414 242 47 eller pr. e-post.: kjerstim.subba@asplanviak.no

Med helsing
Asplan Viak AS

Kjersti Møllerup Subba (sign)
Arealplanlegger